



Error! Not  
a valid  
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 16.06.2022  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 16:30 - 22:30

Det er administrasjonsutval frå 15:00.

Kommunestyret startar 16:30, med desse fastpunkta:

16:30 Kulturskulen har innslag.

16:40 Ane Bysheim og Aina Merete Steinsland, begge frå Nav, fortel om utviklingsprosjekt og kompetansesenter.

17:15 Politikontakt Jan-Terje Brügger presenterer seg og si rolle.

17:30 Rjomegraut (men ikkje til 19:15 altså)

19:15 Janne Eraker frå revisjonen kjem i samband med handsaming av årsrekneskapen.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Helge Dyrkolbotn	KRF
Marita Terese Bru	BIA
Monika Thorpe	AP
Morten Sognnes	H

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Stein Kåre Løvslett	KRF	Varamedlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Kristin Nesbø, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås, Trine Merete Jansen

---

Austrheim 17. juni 2022

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
038/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/22	Godkjenning av møteprotokoll
040/22	Meldingar
041/22	Orienteringssak, ved kommunedirektøren
042/22	Vatn til Førland
043/22	Etablering av helsefelleskap - Revisjon av samarbeidsavtale og tenestevtale 1
044/22	Plan for innføring av heiltidskultur i Austrheim kommune 2022-2025
045/22	Lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022-2026
046/22	Godkjenning av rekneskap 2021
047/22	Godkjenning av årsrapport for 2021 - Austrheim kommune
048/22	Rekneskap fyrste tertial 2022
049/22	Budsjettjustering
050/22	Rullering av investeringsbudsjett 2021 til 2022
051/22	Rullering av langstidsbudsjettet 2022-2025
052/22	Søndagsope for Austrheim Handel - søknad til Statsforvaltar
053/22	TV-aksjonen 2022 - oppretting av kommunekomiteé
055/22	Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet på gbnr. 128/68 - Mongstadkrysset
056/22	Bruk av fond til kommunale geiter
054/22	Skjenkeløyve for Fønnes Aktiv
057/22	Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006 - Godkjenning

## **038/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 038/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **039/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 039/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **040/22: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til melding 22.7, og sa at det kjem eiga sak til kommunestyret om hamnesamarbeidet i Bergen Hamn.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **KS - 040/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

### **041/22: Orienteringssak, ved kommunedirektøren**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte.

- Jan Erik Espelid (Bygdelista) spurte om planar for Austrheim arbeidssenter: «Kan ordfører orientere om hvordan arbeidet med nytt kommunalt arbeidssenter står i dag, om det kommet fram aktuelle lokaler for denne virksomheten, og om finansiering av dette er lagt inn i budsjettet for inneværende år».
- Kommunedirektør Fjellhaug svara Espelid og sa administrasjonen vil sjå på bygging av eit nytt helsetun, med oppstart av arbeidet i 2026. Ventar med nytt Arbeidssenter til ein ser om Nordliheimen kan brukast til noko slikt. Bakgrunnen for vurderinga er tilstandsrapporten for Nordliheimen, og det som er sagt om at det er betre å bygga nytt enn flikka på dagens bygg.
- Gangveg Åråsfeltet til kommunesenteret, her må ein sjå nærare på saka og komma tilbake til kommunestyret.
- Sommarjobb for ungdom, har lyst ut og tilsett ein del unge innanfor omsorgstenestene, frå 18 år og oppover. Også lyst ut arbeid for andre barn og unge (gjennom Ungdomsklubben) i sommar. Må jobba meir med UngJobb Austrheim, var behov for å planlegga dette vidare før ein kjem i gang. Ønskjer å stilla krav til dei unge som skal jobba, som å komma presis og ikkje bruka mobiltelefonen.
- Reidar Øksnes (Sp) sa at det er bra å vera streng med mobilbruk, men må også vera raus med dei unge. Kommunedirektøren svara at ein kant det steg for steg med enkelte, men må samstundes førebu dei på arbeidskvardagen.
- Kommunedirektør Fjellhaug sa at administrasjonen kjem tilbake til framlegget om gjennomgangsbustad for nytilsette dei første tre åra.
- Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om asfaltering av gangveg på Fønnes, ved den nye Vardebrua. Står att rundt 50 meter gangveg å asfaltera, 150 kvadratmeter, til rundt 35.000 kroner. Denne asfalteringa vil gjera det lettare for dei som går å sjå kva som er gangveg, og kva som er privat eigedom. Her sa ordfører Per Lerøy (Ap) at ein berre må finna midlane og få dette gjort før gangbrua er på plass.

- Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om asfaltering ved Austrheimhallen. Er tenkt ein gangveg i bakkant av parkeringsplassen bort til Austrheimhallen. Er gjort ei markering med maling, ser på om ein kan gjerast dette meir profesjonelt, malinga som er gjort til no har berre eitt års varigheit.
- Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om skuleutbygging. Klagefristane for anbod har gått ut, og vil skriva kontraktar i løpet av nokre dagar. Åsane byggmesterforretning er tildelt kontrakt på arbeidet med Årås skule. 7 Fjell har fått arbeidet med rehabilitering av Kaland skule. Målet er å vera klare til påske 2023. Riving av Kaland 1 i haustferien 2022. Arbeidet skal skje i samråd med skulane, med tanke på arbeid i fleire klasserom samstundes.
- Britt M. S. Lerøy (Ap) spurte om framdriftsplan på arbeidet på skulane. Myrmel svara at leverandørane kunne ta dette i løpet av 2022, men det ville gjort det umogleg å driva skule samstundes. For administrasjonen er det viktigaste at skulane er klare i god tid til skulestart 2023/2024, og det er sagt at påske er det bedriftene reknar med å vera ferdige innan.
- Reidar Ulvøy (Ap) at han i utgangspunktet er skuffa, når det er sagt at ein så langt det er mogleg skal brukast lokale selskap. Kan ein få vita kva som er prisane for arbeidet på Årås skule, og korleis ser ein for seg å ha kostnadskontroll og rapportering på dette prosjektet, særleg om det kjem ting som ikkje er med i anbudet.
- Rolf Henning Myrmel svara at lokale leverandørar ikkje har ønskt å gje pris på dette tilbodet. Prisen Årås skule om lag 8,9 millionar medrekna interne kostnader og litt margin. Skal ha tett og god oppfølging på dette prosjektet. Trygg på Årås-utbygging, men meir usikker på Kaland, med tanke på kva som kan dukka opp når ein opnar tak og vegger. Ser det ikkje før ein opnar opp.
- Reidar Ulvøy (Ap) sa at det må vera fokus på kostnadskontroll og rapportering, og at ein må ta fatt i uventa ting straks.
- Per Lerøy (Ap) ba om at formannskapet blir orientert om framdrift og kostnader løpande, her svara Myrmel at det vil skje.
- Kommunedirektør Fjellhaug sa at det kjem ei sak til kommunestyret i september om selskapsstrukturen i NGIR.
- Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om at det har komme to flyktningar frå Ukraina, så langt.
- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om turnover for Austrheim kommune. Presentasjonen ligg ved møteboka.
- Ordførar Per Lerøy sa at orientering om status for politiske saker vert utsett til kommunestyret i september.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **KS - 041/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

### **042/22: Vatn til Fjørland**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunedirektøren vil prioritera lovpålagte oppgåver innan VA og kan ikkje tilrå utbygging av vatn til Førland.

Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti finn denne saka for dårleg utgreidd. Me ber om at saka blir utsett og lagt fram att for kommunestyret på nytt 15.september. Då ønskjer me at det vert vist til rekneskapane for vassleidningane til Øksnes, Rebnord, Øyane, Vardetangen – Årås skule, samt dei private leidningane til Utkilen og Krossøy. For Øksnes og Rebnord ønskjer me å sjå kostnadane for både dei kommunale vassleidningane og for leidningane som vasslaga tok ansvar for. I utgreiinga må ein skilja mellom kostnadane for sjø- og landleidningane. Til møtet i september ønskjer me også eit kostnadsoverslag på ein kommunal leidning frå krysset på Solend til busstoppet på Førland Nord gjennom «gangvegen» mellom dei to fylkesvegane på Førland. I dette kostnadsoverslaget bør det inngå ein tilkoplingskum på kvar side av Austrheim-vegen ved busstoppa på Førland Nord.

Kommunestyret ber kommunedirektøren komma tilbake med denne saka innan utgangen av året, og viser til det som er spelt inn frå kommunestyret om ulike punkt ein vil ha utgreidd.

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Utsettingsframlegg, Høgre og Ap foreslått av: Ann Kristin Leirvåg

Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti finn denne saka for dårleg utgreidd. Me ber om at saka blir utsett og lagt fram att for kommunestyret på nytt 15.september. Då ønskjer me at det vert vist til rekneskapane for vassleidningane til Øksnes, Rebnord, Øyane, Vardetangen – Årås skule, samt dei private leidningane til Utkilen og Krossøy. For Øksnes og Rebnord ønskjer me å sjå kostnadane for både dei kommunale vassleidningane og for leidningane som vasslaga tok ansvar for. I utgreiinga må ein skilja mellom kostnadane for sjø- og landleidningane. Til møtet i september ønskjer me også eit kostnadsoverslag på ein kommunal leidning frå krysset på Solend til busstoppet på Førland Nord gjennom «gangvegen» mellom dei to fylkesvegane på Førland. I dette kostnadsoverslaget bør det inngå ein tilkoplingskum på kvar side av Austrheim-vegen ved busstoppa på Førland Nord.

Utsettingsframlegg 2 foreslått av: Per Lerøy

Kommunestyret ber kommunedirektøren komma tilbake med denne saka innan utgangen av året, og viser til det som er spelt inn frå kommunestyret om ulike punkt ein vil ha utgreidd.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) la fram utsettingsframlegg på vegner av Austrheim Ap og Høgre, og ba om at saka kjem opp på nytt i møtet i september, med ulike spesifiserte utgreiingar og kostnadsoverslag.

Ordførar Per Lerøy (Ap) presiserte at det er eit utsetting med presiseringar, Myrmel sa at det er mogleg å komma tilbake med dette til møtet 15. september i kommunestyret.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om det er mogleg å legga to mindre leidningar frå kveil heller enn å ha 160 mm leidning som må sveisast bit for bit.

Rolf Henning Myrmel svara på spørsmålet at 110 mm er det største som kan kveilast. Men denne dimensjonen er for liten med tanke på brannvatn. Myrmel la til at det er ei problemstilling at brannvatn kan vera problematisk opp mot drikkevatt, ved at for mykje vatn vert ståande for lenge i leidningane.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at saka bør utgreiast betre, og at ein må sjå nærare på kva ein seier ja

eller nei til på Førland. Her sa ordfører Lerøy at Ap/H særleg er kritiske til kostnaden på 4,4 millionar for 760 meter leidning, meiner dette kan gjerast rimelegare.

Rolf Henning Myrmel sa at mykje av kostnaden er grøftekostnad, der det er kostbart å leggja grøft langs fylkesveg på grunn av ulike restriksjonar.

Per Lerøy (Ap) sa at møtet 15. september kanskje er tidleg, bør gjerne setta ein annan dato, og oppdatera hovudplanen innan denne kommunestyreperioden.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein kan prøva 15. september, eller seinare.

Ordfører Per Lerøy (Ap) la fram eit kortare utsettingsframlegg, der ein ber kommunedirektøren komma tilbake med denne saka innan utgangen av året.

Handsaming i kommunestyret:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 042/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren komma tilbake med denne saka innan utgangen av året, og viser til det som er spelt inn frå kommunestyret om ulike punkt ein vil ha utgreidd.

---

#### **043/22: Etablering av helsefelleskap - Revisjon av samarbeidsavtale og tenesteavtale 1**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale - overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet.

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

#### **KS - 043/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale - overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet.

---

#### **044/22: Plan for innføring av heiltidskultur i Austrheim kommune 2022-2025**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at plan for heiltidskultur 2022-2025 vert vedteken slik den ligg føre.



## **02.05.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET**

Framlegg til vedtak vart samrøysten vedteke

### **AMU - 018/22 - 02.05.2022 - Vedtak:**

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at plan for heiltidskultur 2022-2025 vert vedteken slik den ligg føre.

## **12.05.2022 ADMINISTRASJONSUTVAL**

Sakshandsamar Wenche Myrmel orienterte om saka.

Monika S. Gabrielli (Utdanningsforbundet) sa at det er viktig å få dette på plass. Det er viktig med fulle stillingar, misser søkarar om ein har deltidstillingar, til dømes SFO der ein tilsett er ledig når skulen har fri. Må endra kulturen, få fleire til å jobba heiltid. Det er slitsamt å steppa inn på ekstravakter også.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at i det private så må ein ha gode argument for at ein skal jobba deltid, dette vert kanskje oppfatta som ei rettighet i det offentlege. Viktig at ikkje for mange jobbar deltid.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes ba om at det vert teke opp i møte mellom leiar og tilsett at det skal vera heiltidstillingar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at pandemien viste at heiltid er best for kommunen.

Anette Kaland (Fagforbundet) sa at heiltid er å føretrekkja, men må også ta omsyn til dei som måtta ha slitasje etter lange år og treng å jobba deltid. Kanskje dei som er deltid kan dela ei stilling?

Inger Lise Brekke (H), spurte om kommunen kan lysa ut 100 prosent og seia at ein kan pålegga den tilsette andre typar oppgåver, utifrå behovet til kommunen. At det er vanskeleg med deltid i det private, er kanskje grunnen til at det er mange med deltid i kommunen. Men dei som jobbar deltid må hugsa på at deltid gjev mindre pensjon.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig at folk tenkjer på dette med pensjon før det er for seint, og at det er klar over dei vala dei tek.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein skal jobba det ein kan for heile stillingar, men det må vera vilje til å dela seg mellom fleire stillingar for å få 100 prosent. Er streng med nye tilsette, er det lyst ut 100 seier ein nei til dei som vil ha 80 prosent. Ser også at det er lettare med rekruttering til faste stillingar

Per Lerøy (Ap) viste til at Haukeland sjukehus gjerne tilset 80 prosent fast og 20 prosent i bemanning, der ein er fast vikar ulike stader.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kommunen bør over-rekruttera noko for å ha dekning for sjukefråvær.

Anette Kaland (Fagforbundet) sat at kommunen må jobba for at det ikkje er skulefri midt i veka, og for at nytilsette har 100 prosent stilling.

Handsaming i utvalet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **ADM - 016/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at plan for heiltidskultur 2022-2025 vert vedteken slik den ligg føre.

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Britt M. S. Lerøy (Ap) sa at det var bra at denne saka kjem opp, og viste til at det er mange deltidsstillingar i helse og omsorg.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at når det er vanskar med å rekruttera til kommunen, så må det vera mogleg å rekruttera også dei som ikkje har full arbeidskapasitet.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at kommunen skal leggja til rette for at dei som ønskjer full stilling, skal få dette. Samstundes kan det vera slik at enkelte må dela seg mellom to ulike stillingar ei tid for å få 100 prosent stilling.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med korrigeringslik at det framgår at det er kommunestyret som har gjort vedtaket.

### **KS - 044/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek plan for heiltidskultur 2022-2025 slik den ligg føre.

---

## **045/22: Lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022-2026**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022-2026 vert vedteken slik den ligg føre.

## **02.05.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### **AMU - 016/22 - 02.05.2022 - Vedtak:**

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022-2026 vert vedteken slik den ligg føre.

## **12.05.2022 ADMINISTRASJONSUTVAL**

Personalkonsulent Wenche Myrmel orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje alltid kan tilby jobb etter lærlingtid, det er tilbod om utdanning og ikkje om jobb.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig at ein får tilbod om heil stilling om ein først får tilbod om

jobb.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det kan kombinerast meir med utdanning og deltidsjobb.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at mange lærlingar siktar vidare på fagskule/universitet eller høgskule, det er ikkje alle som er interesserte i å jobba vidare i kommunen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er rekruttering å ha lærlingar, i det private er det fleire som er på jakt etter lærlingar.

Inger Lise Brekke (H) oppfordra til å spørja ungdommane om kva dei er på leit etter.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes oppfordra til å vera aktive opp mot ungdommane for å få fram lærlingtilbodet, og viste til Framo som eit føregangsdøme. Dette støtta fleire i utvalet.

Morten Sognnes (H) sa at ein bør henta inn ungdommar til sommarjobbar, gjerne frå 16 års alder.

Handsaming i utvalet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### **ADM - 014/22 - 12.05.2022 - Vedtak:**

Administrasjonsutvalet (AMU) tilrår at lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022-2026 vert vedteken slik den ligg føre.

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) sa at det er bra at det også er mogleg å ta inn vaksne lærlingar, og spurte om det er mogleg å ta inn lærling frå kokk- og institusjonsfaget gjennom ordninga med opplæring i bedrift.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Austrheim har vore god på lærlingar over lang tid, men no er det vanskeleg å få tak i lærlingar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det nyleg er signert lærlingkontrakt på menn som skal inn som lærling i helse og omsorg, samt ein mann som barne- og ungdomsarbeidar,

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med korrigering slik at det framgår at det er kommunestyret som har gjort vedtaket.

#### **KS - 045/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek lærlingstrategi for Austrheim kommune 2022-2026.

---

#### **046/22: Godkjenning av rekneskap 2021**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for 2021.
2. Netto driftsresultat i rekneskapen for 2021 blir i heilskap sett av til disposisjonsfond.

#### **02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, inkludert uttalen frå Kontrollutvalet si handsaming 1. juni.

Om 2021 viste ordførar Per Lerøy at noko av avvika frå budsjett til rekneskap kjem av midlar som kom uventa utanfrå, som støtte til Korona-arbeid eller investeringsstøtte til trafikksikring. Desse midlane vil gje vekst, gjerne både i inntekter og utgifter.

Kommunedirektør Fjellhaug viste til at revisjon og kontrollutval var opptekne av at innkjøp må vera forankra i vedtak i kommunestyret, her sa ordførar Lerøy at politikarane og administrasjonen må hjelpa kvarandre for å til dette.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

#### **FS - 057/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for 2021.
2. Netto driftsresultat i rekneskapen for 2021 blir i heilskap sett av til disposisjonsfond.

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.  
Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS, orienterte om revisjonsmeldinga, og annan dokumentasjon som ligg ved innkallinga og sakspapira. Revisjonen har ikkje vist vesentlege feil eller manglar i rekneskapen, men det ligg ei presisering på betaling av minimumsavdrag. For Austrheim skjedde den siste avdragsbetalinga for 2021 først i januar 2022. Tala er rette i rekneskapen sidan det var gjort ei avsetning, men det er krav også om at det er betalt i løpet av året.  
Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om tekstdelen av årsmeldinga, medan Odd Harald Dommersnes orienterte vidare om taldelen av årsmeldinga.  
Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

#### **KS - 046/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for 2021.
2. Netto driftsresultat i rekneskapen for 2021 blir i heilskap sett av til disposisjonsfond.

---

#### **047/22: Godkjenning av årsrapport for 2021 - Austrheim kommune**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

*Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2021 for Austrheim kommune.*

#### **02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om årsrapporten.

Ordførar Per Lerøy (Ap) stilte spørsmål ved talet på tilsette i kommunen, både samla tal sidan lønsutgifter er den største kostnaden for kommunen, og deltidstilsette sidan talet på tilsette (328) var noko høgare enn talet på årsverk (253,5) i 2021.

Om deltid sa kommunedirektør Fjellhaug at det er nokre som jobbar frivillig deltid, her kommenterte ordførar Lerøy at deltid er krevjande for kommunen sidan det gjev fleire tilsette, og at det kan bli veldig krevjande for tilsette som mellom anna får dårlegare pensjon enn om dei hadde jobba fullt. Lerøy la til at i det private næringslivet ville ein ikkje fått velja sjølv å jobba deltid, dette får ein berre om det er særlege grunnar.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa at det er ein del som ikkje vil jobba fullt på grunn av at det er helg og kveld inkludert i heiltidsstillingar.

Morten Sognnes (H) spurte om det er mogleg å tilby nyttilsette ei gulrot på tre års subsidiert bustad, for å få folk til å busetja seg i kommunen.

Inger Lise Brekke (H) sa at subsidiert bustad bør vera del av utlysingar, for å få fleire søkarar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dette har vore diskutert tidlegare, og at det då har vore semje om å laga egne retningslinjer for dette med subsidiert bustad. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at ein jobbar med dette, men den største utfordringa er at det er lite kommunale bustader, med tanke på at det er ein del som kommunen etter lova skal tilby bustad. Fjellhaug sa at kommunen skal leggja til rette det ein kan for å skaffa bustad, i tillegg til å be eigedomsselskapet jobba meir med dette.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det ikkje er nok å tilby bustader, det er også slik at alle som bur i kommunen må ta eit tak med inkludering av nyttilflytta.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at kommunen har hatt dette tilbodet tidlegare, men at fleire kommunale bustader er selde.

Morten Sognnes (H) ba om at kommunen var meir aktiv med å skaffa seg bustader, og sa at det tilfører kommunen meir om nokon flyttar til kommunen og bygdene, enn om desse husa vert leigde ut til arbeidspendlarar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dette er ei sak ein vil jobba vidare med opp mot Austrheim kommunale eigedomsselskap, for å sikra fleire bustader.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

#### **FS - 056/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår: Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2021 for Austrheim kommune.

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Orienteringa om denne saka skjedde i samband med sak 046/22.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

#### **KS - 047/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2021 for Austrheim kommune.

---

## **048/22: Rekneskap fyrste tertial 2022**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Kommunestyret tek driftsrekneskapen for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten for fyrste tertial til vitande.

### **02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- Langtidsfråværet utgjør over 50 prosent.
- Straumkostnaden vil stiga når det skal inngås nye avtalar.
- Har hatt ein del konsulentkostnader, men desse prosjekta er avslutta.
- Advokatkostnader kan ein ikkje føresjå, dette er kostnader kommunen får når sakene oppstår.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han kjenner seg trygg på tala som vert lagt fram for formannskapet. Det er ein del utfordringar, må ha kontroll på utgiftene også når inntektene er betre enn budsjettert. Om barnevern sa Dyrkolbotn at ein må satsa på førebyggjande arbeid for å unngå kostnader til institusjon, dette kan vera fritidskontaktar, støtte til frivillig arbeid, avlastingstilbod med meir.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han er uroleg over at langtidsfråværet er såpass høgt. Nokre vanskelege diagnoser er det vanskeleg å jobba førebyggjande på, men det er mogleg å redusera langtidsfråværet gjennom god førebygging.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig med langsiktig arbeid for å halda nede sjukefråværet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

### **FS - 062/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

Tilråding frå formannskapet:

1. Kommunestyret tek driftsrekneskapen for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten for fyrste tertial til vitande.

### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Britt M. S. Lerøy (Ap) sa at med aukande renter og utgifter til straum går kommunen usikre tider i møte. Ser at inntektene har auka, men også utgiftene. Halve året av 2022 har ein lagt bak seg, må vera tydelege både politisk og i administrasjonen på korleis me skal driva framover. Her må me vera moderate, og ha ein god strategi.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er krevjande med aukande renter og straumutgifter. Må mana til moderasjon.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **KS - 048/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

1. Kommunestyret tek driftsrekneskapen for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret tek finansrapporten for fyrste tertial til vitande.

---

## 049/22: Budsjettjustering

### Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på kr 3 530 000,-. Den auka kostnaden blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarende beløp på personskatt (inntekt og formue).
2. Investeringsramma for VA vert auka frå 12 til 19,1 millionar kroner. Den auka investeringsramma blir finansiert gjennom auka låneopptak på 7,1 millionar kroner
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren si budsjettjustering på kr 700 000,- for bygging av gang og sykkelveg langs FV 565. Ein godkjenner at kommunen sin eigenandel vert finansiert gjennom eit låneopptak på 500 000,- kroner i samband med bygging gang/sykkelveg lang FV 565.
4. Kommunestyre godkjenner kommunedirektøren si budsjettjustering for veglys langs FV 5506 ved Hoplandssjøen på kroner 900 000,-. Ein godkjenner at kommunen sin eigenandel vert finansiert gjennom eit låneopptak på 700 000,- kroner i samband med oppsett av veglys lang FV 5506.
5. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit låneopptak på 650 000,- kroner for å kjøpa ut leigeavtalen for traktoren som vert nytta på teknisk drift.
6. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit lån på 12 millionar kroner for å dekke VA investeringane som blei gjort i 2021.
7. Kommunedirektøren kjem attende med ei sak om både økonomi og risiko knytta til bygginga av tursti i Åråsvågen.

## 02.06.2022 FORMANNSKAPET

Sak 58/22 Budsjettjustering - Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre foreslått av: Per Lerøy

Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre ber om at prosjektet tursti frå Åråsfeltet blir endra. Me foreslår at det vert bygd opphøgd fotgjengarovergang mellom Årås bedehus og nordsida av parkeringsplassen ved kunsthuset. Over parkeringsplassen vert det etablert fortau fram mot St.Jørgensveg. Vidare vert St.Jørgensveg oppgradert og asfaltert. Frå denne vegen og langs FV-565 vert det bygd eit kort fortau til den kommunale vegen ned til Åråsvegen. Denne vert oppgradert og får fast dekke og det vert sett opp veglys langs vegen. Dermed har ein fått ein alternativ gangveg/tursti frå Åråsfeltet til kommunesenteret. Me ber om at kommunedirektøren søker fylkeskommunen om løyve til å gjera desse endringane for å kunna gjennomføra prosjektet innanfor dei opprinnelege budsjetttrammene på 2,6 millionar kroner.

Når gangvegen langs FV-565 frå Nordliheimen til Seniorsenteret vert bygd og asfaltert, skal resten av

parkeringsplassen ved Austrheim-hallen asfalterast. Deretter skal heile området ved hallen merkast opp permanent i tråd med planen som er utarbeida. Som trafikksikker kommune må me prioritera og få orden på trafikktilhøva på våre kommunale parkeringsplassar og vegar. På- og avstigingsfelt og områder med parkeringsforbod skal merkast med skilt eller maling i asfalten. Pilar i asfalten bør også brukast for å markera køyreretninga. (Hjartesone?)

Når arbeidet med gangvegen ved FV-565 vert utført, må jordvollen med busker på Veland sin tomt på andre sida av vegen ordnast slik at det blir i tråd med avtalen som vart inngått då vegen til Furuli vart bygd.



Som ein del av prosjektet med å skapa eit triveleg skulemiljø på Årås skule, må skeisebana og anna lagra materiell fjernast frå området. I tillegg må Austrheim Motorsportklubb påleggjast å rydda opp på og ved motocrossbana. Utrangerte containerar må fjernast og gjerda må reparerast slik at området ser ryddig og skikkeleg ut. Austrheim Motorsportklubb, Austrheim Idrettslag, Austrheim kommune og potensielle grunneigarar må jobba vidare med å finna ei permanent plassering for motocrossbana. I samband med skogryddingsprosjektet i fjor vart ei rekkje tre på tomten til Britt Lyslo saga ned. Det vart også plassert greiner og trestammar på området mellom tomten og vasstårnet. Dette må det ryddast opp i. Her må det flisast og plantast nye tre.

Me ønskjer å testa ut bruk av «kommunale geit» på områda som vart rydda for skog i fjor. Dersom kostnadane til dette forsøket ikkje er innbakt i tilleggsløyvinga til kommunedirektøren, ber me om at det vert gjort ei budsjettendring som gjer det mogeleg å gjennomføra forsøksprosjektet med beitande geit i sommar.

Me ber også om å få status på auka økonomisk ramme for Grønt Arbeid og om status for prosjektet med sommarjobb for ungdom. Ligg dette i tilleggsløyvinga til kommunedirektøren?

Me ber også om status for asfalteringsarbeidet på den kommunale gangvegen til Vardebrua. Gjennomgangsbustad for tilsette: Me foreslår at kommunen skal tilby nyttilsette subsidierte gjennomgangsbustader dei tre første åra dei er tilsett.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.



Det skal gjerast ei retting i saksframlegget, det fylkeskommunen sitt tilskot til tursti Åråsvågen er 1 million kroner og ikkje 1,3 millionar. Kommunen sin eigendel aukar tilsvarande. I tillegg er dette ein universelt tilgjengeleg gangveg, og ikkje tursti.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la fram framlegg til tillegg, på vegner av Ap og Høgre, mellom anna med ei anna løysing for gangveg frå Åråsfeltet til Åråsvegen. Avdelingsleiar Plan, Asbjørn Toft, sa at det er mogleg å søka fylkeskommunen om å endra dette prosjektet.

Lerøy (Ap) ba om at det vart laga teikningar og sendt inn som framlegg til fylkeskommunen, for å sjå på denne løysinga. Her sa Asbjørn Toft at det gjerne må brukast konsulent for å få laga desse teikningane, men at administrasjonen kan laga eit framlegg på korleis dette kan løysast.

Administrasjonen viste til at det var nokre som hadde ønskje om å overta skøytebana som er lagra ved idrettshallen, her sa Helge Dyrkolbotn (KrF) at dette ikkje bør gjevast vekk til eit bygdelag utan at det er ein god plan for bruken, elles er det avfall.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at det vart bygd eit gjerde langs nordveggen på Ungdommens Hus, slik at skuleborn kan gå trygt frå skulen og til hallen/Ungdommens hus. Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at dette har vore diskutert tidlegare. Også Inger Lise Brekke (H) støtta at det kjem eit gjerde her. Dette skal også stoppa parkering heilt inn til veggen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han kan vera samd i mange av framlegga i tillegget frå Ap og H, men det er ikkje rett å vedta når det ikkje er kostnader på dette. Saka om gangveg er OK, resten bør gå tilbake til kommunedirektøren for å svarast ut. Elles er det budsjettjustering med mykje høgare summar enn det som ligg her i saka.

Per Lerøy (Ap) svara at det ikkje er nye ting, til dømes geiter var oppe i kommunestyret tidlegare, men er ikkje med no i revidert budsjett, og då må ein påpeika dette. Inger Lise Brekke (H) støtta Lerøy at det ikkje er nye saker.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er mogleg å bora etter jordvarme og varma både kommunehuset, Årå skule, Nordliheimen med fleire. Her svara Asbjørn Toft at det er kommunehuset og sjukeheimen som er tilrettelagt for vassboren varme. Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at det også vert vurdert installering av solvarme på Nordliheimen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at det vart sett av ein fast sum til vedlikehald av idrettsanlegg, slik at det ikkje kjem som store overraskingar. Her svara kommunedirektøren at dette skal vurderast i samband med budsjettarbeidet. Har også ein avtale med idrettslaget om at dei kan forskottera.

Det var semje i formannskapet om at tilleggsframlegget frå Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre vert sendt over til administrasjonen for utgreiing.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Tilleggsframlegget frå Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre vert sendt over til administrasjonen for utgreiing.

#### **FS - 058/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på kr 3 530 000,-. Den auka kostnaden blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande beløp på personskatt (inntekt og formue).
2. Investeringsramma for VA vert auka frå 12 til 19,1 millionar kroner. Den auka investeringsramma blir finansiert gjennom auka låneopptak på 7,1 millionar kroner

3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren si budsjettjustering på kr 700 000,- for bygging av gang og sykkelveg langs FV 565. Ein godkjenner at kommunen sin eigenandel vert finansiert gjennom eit låneopptak på 500 000,- kroner i samband med bygging gang/sykkelveg lang FV 565.
4. Kommunestyre godkjenner kommunedirektøren si budsjettjustering for veglys langs FV 5506 ved Hoplandssjøen på kroner 900 000,-. Ein godkjenner at kommunen sin eigenandel vert finansiert gjennom eit låneopptak på 700 000,- kroner i samband med oppsett av veglys lang FV 5506.
5. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit låneopptak på 650 000,- kroner for å kjøpa ut leigeavtalen for traktoren som vert nytta på teknisk drift.
6. Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp eit lån på 12 millionar kroner for å dekke VA investeringane som blei gjort i 2021.
7. Kommunedirektøren kjem attende med ei sak om både økonomi og risiko knytta til bygginga av tursti i Åråsvågen.

#### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig med god kostnadsstyring undervegs i dei ulike prosjekta. Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunen bør sjå på utkjøringa frå Årås til fylkesvegen ved det gamle kommunehuset, med tanke på trafikktryggleik er dette eit av dei punkta ein bør sjå på først.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at han har sett stopp i prosjektet med gangveg frå Åråsfeltet på grunn av usikkerheit til kostnad med tanke på vassleidning. Ikkje ansvarleg å setja i gang eit risikoprojekt der ein ikkje kjenner kostnadene. Har fleire stader i Austrheim der det er trafikkfarleg, som Bakkakrysset, som må prioriterast.

Om Bakkakrysset sa ordførar Per Lerøy (Ap) at Statens vegvesen har sagt nei til 60-sone. Det kunne vera ei første løysing, før ein bygger om krysset. Men gjev seg ikkje på dette med fartsgrense, krev fleire møte med vegvesenet.

Fjellhaug sa at han ønskjer betre kontrollrekning av prosjekt for å unngå kostnadsoverskridingar.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at det vart innført ei eiga prosedyre for kostnadskontroll i dei ulike prosjekta, for å unngå kostnadssprekk.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er mange viktige punkt på lista. Spurte vidare om framlegget som Høgre og Ap hadde i formannskapet er med vidare i handsaminga, ordførar Lerøy (Ap) svara at det er det ikkje.

Ordføraren refererte vedtaket.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

#### **KS - 049/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

---

#### **050/22: Rullering av investeringsbudsjett 2021 til 2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek at ein overfører budsjettmidlar for prosjekt som ikkje vart sluttført i 2021 til 2022 og at desse vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

**02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 063/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at ein overfører budsjettmidlar for prosjekt som ikkje vart sluttført i 2021 til 2022 og at desse vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

**16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

**KS - 050/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at ein overfører budsjettmidlar for prosjekt som ikkje vart sluttført i 2021 til 2022 og at desse vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

---

**051/22: Rullering av langstidsbudsjettet 2022-2025****Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre, men kommunedirektøren vil i budsjettframlegg for 2023 komme med endeleg framlegg til økonomiplan for perioden 2023-2026.

**02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 059/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre, men kommunedirektøren vil i budsjettframlegg for 2023 komme med endeleg framlegg til økonomiplan for perioden 2023-2026.

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at auka inntekter bør settast av til fond, for å sikra at kommunen har midlar til den omstillinga som kjem. Er ikkje sett opp investeringar i 2026, men ønskjer å starta arbeidet med eit nytt helsetun det året, og sjå på kva tenester som skal inn i eit slikt helsetun. Betre å sjå på eit nybygg enn å bruka 50 millionar på å rusta opp Nordliheimen. Kan sjå om det er mogleg med gjenbruk av Nordliheimen til Arbeidssenter eller noko anna.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **KS - 051/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre, men kommunedirektøren vil i budsjettframlegg for 2023 komme med endeleg framlegg til økonomiplan for perioden 2023-2026.

---

### **052/22: Søndagsope for Austrheim Handel - søknad til Statsforvaltar**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet og kommunestyret ber kommunedirektøren om å søka Statsforvaltar om å gje Austrheim status som turiststad, heile året. Dette vil gje grunnlag for å gje Austrheim Handel løyve til søndagsope, og eventuelt andre butikkar som også måtte ønskja det.

Ber om at saka vert utsett og ber om meir utgreiing.

## **02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er ei bra sak for kommunen å verta definert som turistområde, og at det i neste omgang kan søkast om søndagsope for butikkane.

Helge Dyrkolbotn sa at KrF er i mot søndagsope, ser ikkje behovet for dette. Om alle får dette er det då tenleg for Austrheim Handel, spurte Dyrkolbotn.

Inger Lise Brekke (H) sa at dersom det blir mogleg å søka om søndagsope, så er det ikkje mogleg å forskjellsbehandla, då må alle få halda ope.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han er samd med at dersom det vert opna for søndagsopent, så vert det ope for alle å søka. Kvifor kan ikkje Austrheim Handel heller prøva Brustadbu-ordninga, spurte han.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektørens framlegg til vedtak, vedteke med 3 mot 2 (Helge Dyrkolbotn (KrF) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp)).

### **FS - 060/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

Formannskapet og kommunestyret ber kommunedirektøren om å søka Statsforvaltar om å gje Austrheim status som turiststad, heile året. Dette vil gje grunnlag for å gje Austrheim Handel løyve til søndagsope, og eventuelt andre butikkar som også måtte ønskja det.

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Utsettingsframlegg foreslått av: Reidar Øksnes

Ber om at saka vert utsett og ber om meir utgreiing.

Ketil Tjore frå administrasjonen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det ikkje handlar berre om Austrheim Handel, men om alle butikkar. For Austrheim handel ville det vore mykje enklare å bygga om til Brustadbu på under 100 kvadratmeter. Om ein definerer det slik som i saka, så vil alle butikkar i Austrheim kommune kunna definera seg som søndagsopne. Anne Dahle Austrheim la til at ho ikkje kan sjå at Austrheim Handel er innanfor kravet om søndagsope.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein har meint å definera Austrheim som stad, og ikkje heile Austrheim kommune.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) spurte om ønsket er godt nok fundamentert, om det er dette kommunestyret vil. Usikker på om ein kan seia at det ikkje er for heile kommunen, når Vardetangen er mykje brukt som turiststad.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kommunen har definert seg som turistkommune i planarbeidet, vedteke for fleire periodar sidan.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at dette er ein del av satsinga på turiststad, å ha ein butikk som er søndagsopen.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at turistplassen vår, den fremste, er Vardetangen. Då vert det feil å søka om berre plassen Austrheim for å kunna søka om søndagsope for Austrheim handel.

Inger Lise Brekke (H) spurte om dette med at det skal vera Austrheim som stad eller heile kommunen. Her svara Bjørnar Fjellhaug at det er ei presisering i dette no.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er ein del spørsmål her, og ber om at saka vert utsett.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegg om utsetting, kjem tilbake til kommunestyret med ny utgreiing, vedteke med 15 mot 2 røyster (Per Lerøy og Idar Hopland, begge Ap)

### **KS - 052/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Ber om at saka vert utsett og ber om meir utgreiing.

-----

## **053/22: TV-aksjonen 2022 - oppretting av kommunekomiteé**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2022:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2022.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

## **02.06.2022 FORMANNSKAPET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

### **FS - 061/22 - 02.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2022:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2022.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Ordføraren referte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

### **KS - 053/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2022:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2022.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

---

## **055/22: Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet på gbnr. 128/68 - Mongstadkrysset**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet på gbnr. 128/68 – Mongstadkrysset med følgjande justering under pkt. 6.1 vert godkjent slik den ligg føre. *Tidspunkt for klargjort tomt for mottak av steinmasser vert endra i avtale til 15.12.2022.* Austrheim kommune set i gang arbeidet med fjerning av vegetasjon og fjerning av jord/lausmassar frå næringområdet omgåande. Kommunedirektøren finn inndeckning innanfor vedtekne rammer for 2022. Kostnadene i 2023 og 2024 som Statnett forskotterer vert lagt inn i handlings- og økonomiplan for 2023-2026 – langtidsbudsjettet. Kostnadane vert fordelt i 2022 og 2023 og vert teke frå disposisjonsfondet.

### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka, saman med einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel.

- Toft sa at den siste setninga skal strykast frå framlegget til vedtak: *Kostnadane vert fordelt i 2022 og 2023 og vert teke frå disposisjonsfondet.*
- Første del er å rydda skogen, deretter legga opp jordmassane slik at dei kan renna av seg før dei skal kjørast vekk.
- Når Statnett tar jorda med seg som returlast, vert det rimelegare for kommunen, i tillegg til at Statnett forskotterer kostnader, slik at kommunen kan rekka å klargjera tomta for sal og få inn inntektene før kostnadene kjem.
- Administrasjonen ser på dette som eit veldig bra prosjekt.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om støy for dei som brukar hotellbrakkene på Mongstad like ved. Her svara Asbjørn Toft at dette er noko ein vil fanga opp i samband med nabovarsel, og som ein ta omsyn til med tanke på tidspunkt for arbeid med meir.

Aslak Bakke (H) sa at dette er eit veldig bra prosjekt. Bakke spurte om kva som skal gjerast i år, neste år og når kostnadene kjem. Myrmel svara at kosten i 2022 er fjerning av vegetasjon/skog.

Vekkgjering av jordmassar må skje tidnok til at det kan deponerast massar der frå 15. desember. Er nok fornuftig å få starta så tidleg som mogleg slik at myrjorda får renna av seg ein del før vekkjøringa skal starta. Kostnaden for vekkjøring av jord kjem først våren 2024, Statnett forskotterer fram til dette. Aslak Bakke (H) spurte om kva prisen vert for rydding av skogen og så maskin til arbeid, her svara Myrmel at ein vil starta med skogrydding og så ta opp igjen kostnad til rydding første møte etter ferien 2022. Ser lettare kva som er kostnad til rydding når ein har fjerna vegetasjonen.

Ordførar refererte framlegget til vedtak, og sa igjen at den siste setninga i framlegget til vedtak skal strykast.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak, minus siste setning om finansiering frå disposisjonsfondet.

### **KS - 055/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Avtale om massehandtering mellom Austrheim kommune og Statnett for næringsområdet på gbnr. 128/68 – Mongstadkrysset med følgjande justering under pkt. 6.1 vert godkjent slik den ligg føre. *Tidspunkt for klargjort tomt for mottak av steinmasser vert endra i avtale til 15.12.2022.* Austrheim kommune set i gang arbeidet med fjerning av vegetasjon og fjerning av jord/lausmassar frå næringområdet omgåande. Kommunedirektøren finn inndeckning innanfor vedtekne rammer for 2022. Kostnadene i 2023 og 2024 som Statnett forskotterer vert lagt inn i handlings- og økonomiplan for 2023-2026 – langtidsbudsjettet.

---

## **056/22: Bruk av fond til kommunale geiter**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek at det vert nytta 250 000,- kroner til å betale for innleige av geiter. Midlar til beiteprosjektet vert teken av fond for turstiar(fond 251080019).

Midlane som er tenkt brukt på innleige av geiter, 250.000 kroner, vert nytta til landbruksføremål i tråd med reglar frå tidligare tildelingar.

### **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Sak 058/22 - Ekstramidlar til landbruket i Austrheim i 2022 foreslått av: Reidar Øksnes

Midlane som er tenkt brukt på innleige av geiter, 250.000 kroner, vert nytta til landbruksføremål i tråd med reglar frå tidligare tildelingar.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han synest ein får veldig lite att for midlane i denne saka slik den ligg no. Dette er noko ein må gjera kanskje fire år for å få resultat, men er det dette me skal bruka ein million på dei neste fire åra? Er skuffa over at ein ikkje har spurt lokale bønder om korleis dei kan løysa denne utfordringa. Øksnes hadde eige framlegg til vedtak i denne saka.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, og viste til at kommunedirektøren har innstilt på at ein ikkje skal bruka midlar på dette.

Aslak André Bakke (H) sa at dette er for eitt år i starten. Gjerne ha med lokale bønder neste sesong, anten at dei tek kontakt med kommunen eller at kommunen tek aktivt kontakt med desse.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det kan skje at ei sak endrar seg frå formannskapet til kommunestyret, og støtta Reidar Øksnes (Sp) sitt innlegg Her kostar det 250.000 for juni og ut oktober, kor mykje vil dei klara å gnaga ned på fem månader? Skal me gjera dette over tid er det ei veldig dyr løysing, som ikkje er berekraftig over tid.

Per Lerøy (Ap) sa at dette er aktuelt for dei areala der kommunen fjerna skog i fjor, og der det veks opp mykje kratt, som også inneber skogbrannfare.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vart vedteke med 10 mot 7 (desse 6 var Senterpartiet sine 3 representantar Bjørn Inge H. Dyrkolbotn, Reidar Øksnes og Lise Renate Helle, Anne Dahle Austrheim og Randi Keilegavlen Dyrøy frå KrF, Jan Erik Espelid frå Bygdelista og Rikke Heldal Hope frå Høgre).

### **KS - 056/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det vert nytta 250 000,- kroner til å betale for innleige av geiter. Midlar til beiteprosjektet vert teken av fond for turstiar (fond 251080019).

---



## **054/22: Skjenkeløyve for Fønnes Aktiv**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret gjev Fønnes Aktiv AS skjenkeløyve for lokala i Leirvågsvegen 95.

Løyvet blir gitt for: (øl og vin inntil 22 volumprosent) (øl, vin og brennevin inntil 60 volumprosent).

Løyvet blir gitt for areal inne (60 sitjeplassar på eit areal på 90 kvadrat) og utandørs (30 sitjeplassar på eit inngjerda område på 150 kvadratmeter). Det skal sendast inn oversiktsteikningar på desse areala.

Løyvet blir gitt for perioden ut denne kommunestyreperioden, og må fornyast hausten 2023.

Det er sett som vilkår at det blir søkt om og gitt serveringsløyve, med dei godkjenningar det krev.

Det skal til ei kvar tid vera styrar og stedfortredar med kunnskapsprøve i alkohol.

Naudsynte godkjenningar frå Skatteetaten skal vera på plass.

Saka vert sendt tilbake til kommunedirektøren med krav om betre dokumentasjon og utgreiing.

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Utsettingsframlegg foreslått av: Hege Ramsland

Saka vert sendt tilbake til kommunedirektøren med krav om betre dokumentasjon og utgreiing.

Hege Ramsland (H) snakka på vegner av Høgre og Arbeidarpartiet, og ba om at saka vert sendt tilbake til administrasjonen med ønske om eit meir utfyllande krav søknad, med konseptutgreiing, teikningar og vurdering av bruken av lokala. Viste til at det er så mange andre ting som må på plass først.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at ho støtta Hege Ramsland sitt ønskje om utsetting.

Handsaming i kommunestyret:

Hege Ramsland sitt utsettingsframlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 054/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Saka vert sendt tilbake til kommunedirektøren med krav om betre dokumentasjon og utgreiing.

---

## **057/22: Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006 - Godkjenning**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006 vert godkjent. Planomtale er datert den 27.05.2022, plankarta 1-3 er datert 28.04.2021 og 05.04.2022 og føresegner er datert 27.4.2022. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova sin § 12–12.

## **16.06.2022 KOMMUNESTYRET**

Avdelingsleiar plan, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka.

- Planen går i to kommunar, og må vedtakast i begge kommunane.
- Saka kom seint til kommunestyret, men det var viktig å få saka ut no, sidan neste kommunestyremøte er i september.
- Mesteparten av arealet er i Alver, i Austrheim er det berre areal under bakken (energitunnellar).
- Saka er oppe i Alver i kommunestyret same dag som i Austrheim.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

### **KS - 057/22 - 16.06.2022 - Vedtak:**

Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006 vert godkjent. Planomtale er datert den 27.05.2022, plankarta 1-3 er datert 28.04.2021 og 05.04.2022 og føresegner er datert 27.4.2022. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova sin § 12–12.

---